



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 pr epost

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2012/68

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
04.06.2012

### Protokoll frå møte 30.05.2012

Rovviltnemnda Region 1 møtte på Statens Hus i Stavanger 30.05.2012. Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Stensland representerte nemnda. Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa.

Organisasjonane fekk høve til å snakke med nemnda i førekant av ordinært møte, men ingen møtte.

#### **Sak 06/12 Orientering om status for forekomst av ulv, jerv, bjørn og gaupe i regionen.**

SNO sine rovviltansvarlege i regionen meldte avbod til møtet, men tilsende epostar frå begge blei tatt til orientering.

#### **Sak 07/12 Fastsetting av kvote for betinga skadefelling i Region 1 for perioden 01.06.2012 – 15.02.2013.**

Nemnda sitt vedtak sendast ut som separat sak.

#### **Sak 08/12 Presentasjon av kongeørnprosjektet i Region 1. Vidare oppfølging av prosjektet ?**

Toralf Tysse frå Ambio as orienterte om status for prosjektet.

Nemnda meiner det er viktig å få etablert overvakingsområde som planlagt i Region 1, og med oppstart før neste hekkesesong. Prosjektet bør vidare følgjast opp gjennom dialog med DN om behov for meir kunnskap om kongeørn sin predasjon på sau og beslutningsstøtte i høve til behov for uttak. Sekretariatet tar initiativ til kontakt med DN.

#### **Sak 09/12 Oppstart av revisjon av forvaltingsplanen for rovvilt i Region 1**

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernnavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

Forvaltingsplanen skal reviderast kvart fjerde år, og han blei sist revidert i 2009. Nemnda slutta seg til sekretariatet sitt forslag om vedtak:

*Organisasjonar og styresmakter med interesse for rovviltforvalting i Region 1 skal så snart som råd inviterast til å gje innspel til innhald i revidert forvaltingsplan med frist innan 30. juni. Rovviltnemnda vil mellom anna nytte innspela for å gje føringar for revisjonsarbeidet på neste møte 30.august.*

### **Sak 10/12 Ymse og orienteringar**

Nemnda diskuterte MD sitt høyringsbrev om forslag til nye hovedprinsipp for ei framtidig erstatningsordning for husdyr. Konklusjonen var at det er vanskeleg å finne ei god løysing for Region 1 som ikkje tar utgangspunkt i dagens ordning. Sekretariatet fekk i oppdrag å lage forslag til uttale frå nemnda til høyringsbrevet.

Region 2 har sendt ut varsel om oppstart av ny forvaltingsplan for rovvilt. Rovviltnemnda set pris på dagens plan som har buffersone mot gaupe inn mot Vest-Agder, og vil spele inn at denne sona bør vidareførast. Sekretariatet sender brev til Region 2 om dette.

Nemnda blei orientert om brev frå Direktoratet for naturforvaltning til fylkesmennene av 17.04.2012 om behov for samhandling og informasjon mellom Mattilsynet og rovviltforvaltinga.

Oddny Omdal tok opp ulv og skadefelling i Vest-Agder som tema. Organisasjonane i både Vest- og Aust-Agder har søkt DN om ekstraordinær felling av ulv, men fått avslag. Trass i at det er dokumentert førekommst og tap av lam til ulv, og at det er mistanke om fleire individ på Agder. Omdal er kritisk til at DN ikkje gav søker og skadefellingslaget på Agder høve til ekstraordinær felling i vår. Nemnda deler denne oppfatninga.

Møtedatoar for 2013 må bestemmast på neste møte i august. I den samanhengen blei det ytra ønske om eit felles møte med varamedlemmane til dømes i januar, kopla opp mot vidare arbeid med forvaltingsplan. Nemnda tar stilling til det på augustmøtet.

Med helsing

Noraly Distad  
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost:  
Fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Vest-Agder  
Mattilsynet, regionkontora i Region 1  
Direktoratet for naturforvalting